

SAKSFRAMLEGG

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Samnanger vedtak Landbrukskontor for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes		

GBNR 32/4 Handsaming av klage på konsesjonsvedtak 1242 - Leon Espelid og Aud Solberg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Aud Norunn Solberg har rettsleg klageinteresse i sak 011/2018 som vart handsama i naturutvalet 06.09.2018.

Klaga vert ikkje tatt til følgje, og sendast vidare til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§1 og 9 og i forvaltingslova § 27.

Saksframstilling:

Leon Espelid fekk i møtet i Naturutvalet den 6. september 2018 konsesjon for å kjøpe GBNR 32/4.

Eigedommen har uavklarte grenser. Dette er konsesjonssøkjjar, Espelid, klar over og har i kontakt med landbrukskontoret sagt at ei jordskiftesak for avklaring av areala i Kvitingen er under førebuing av Espelid sin advokat.

I saksframlegget til møtet i Naturutvalet var dei uklære eigedomsgrensene kommentert slik:
«Landbrukskontoret vil rå ny eigar av eigdommen til å få målt opp eigdommen i sin heilheit.

Søkar eig fleire av naboeigedommane, 32/3, 32/6 og 32/8,9. Gbnr 32/4 vert tilleggsareal til desse.

Eigedommen har mindre enn 35 dekar innmark og mindre enn 500 dekar produktiv skog. Det er soleis ein ikkje odelseigedom og det er ikkje automatisk buplikt knytt til garden.

Etter konsesjonslova § 11 skal det takast stilling til om det ut frå omsynet til busetjing, heiskapleg ressursforvaltning og kulturlandskap skal settjast vilkår om buplikt.

Eigedommane som søkar tidlegare har erverva i Kvitingen har bae vore større og hatt betre hus enn den omsøkte eigdommen, utan at det her har vore satt vilkår om buplikt.

Huset på eigdommen er vurdert til å vere i dårleg stand. Størstedelen av bruket er fjell, og det jordbruksareala på bruket er små. Etter ein samla vurdering av husets stands, eigedommens storleik og dagens drift/bruk av området vil landbrukskontoret rå til at det ikkje setjast vilkår om buplikt på eigdommen.»

Aud Norunn Solberg, er eigar av naboeigedomen med GBNR 32/7. Etter møte med landbrukskontoret har ho, gjennom advokat Gjerde, lagt fram tinglyst avtale frå 1985 om «grunnavståelse» som syner at ho eig vegen som går over 32/4 fram til tunet på Steinhushaugen (GBNR 32/7). Veggen og arealet den ligg på er ikkje målt opp og lagt inn i kartet.

Vi meiner dermed at ettersom Solberg eig noko av arealet på gbnr 32/4 som ikkje er oppmålt har ho rettsleg klageinteresse.

Solberg vart informert om klageretten i møte med landbrukskontoret den 17. september, klagen er dagsett 25 september og motteke av kommunen 28 september. Klagen er rettidig.

Det vert i klagen hevda at vedtaket er i strid med konsesjonslova §§1 nr 1, 2 og 4 og §9 nr. 3.

Konsesjonslova §1 seier: «Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.»

§9 nr 3 seier: «Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:3.om erververen anses skikket til å drive eiendommen»

Desse punkta meiner vi er godt nok skildra i saksframlegget til å ta ei avgjerd.

Med dei atterhalda som er skildra i både søknadsvedlegga og i saksframlegget, med lovnader om oppmåling og avklaring av grenser, er søkjar klar over usikkerheit knytta til areal og grenser på eigedomen han har kjøpt. Denne usikkerheita omfattar og veien som Aud Solberg eig, og slik vi ser det ligg det planar om å rette opp desse uklare momenta. Sjølv om ein eigedom har usikkerheit knytt til grenser kan den omsetjast så lenge dette er opplyst om.

Landbrukskontoret meiner difor at klagar ikkje kan krevje at konsesjonsvedtaket vert omgjort, og at det dermed skal bli ståande.

Landbrukskontoret rår derfor til at Samnanger kommune avslår klagen og sender den vidare til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd

Vedtaksmynde: Naturutvalet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Vurdering: